

Alle kommunane i Hordaland
v/ ordførar
v/ rådmann

Dato: 08.12.2015
Vår ref.: 2014/555-34
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Trafikksikker kommune – nye kommunar inn i arbeidet i 2016

Bakgrunn og forankring av Trafikksikker kommune

Prosjektet Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og er eit viktig tiltak både i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2014-2017* og *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. I gjeldane handlingsplan har fylkeskommunen sett trafikksikringsarbeid i kommunane som eit av tre satsingsområde, og prosjektet «trafikksikker kommune» er eit av tiltaka, jf Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017:

"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikksikker kommune». Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden.»

Prosjektet sitt innhald og mål er å godkjenne kommunar til å verte klassifisert som «trafikksikker kommune». Godkjenninga varer i 3 år. For å kunne verte godkjent må ein kunne oppfylle eit sett kriteria som er omfattande og femnar breidt i alle ledd i organisasjonen. Kriteria byggjer på gjeldande lovar og forskrifter. Dette går på organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarleggjering innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordførar som øvste ansvarleg. Sjå eiga hefte og nettside (<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>) for meir informasjon om ordninga.

Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal deltek her. Ut frå det arbeidet som er gjort siste året vil desse tre kommunane truleg verte godkjente innan sommaren 2016. Når desse tre kommunane er godkjente vil sjølve pilotprosjektet avsluttast, og arbeidet gå over i ein meir ordinær fase.

Nye kommunar inn i arbeidet

Ut frå ovannemnde er det no tid for å invitere fleire kommunar til å setje i gang arbeidet med å verte godkjent som «trafikksikker kommune». Dette vert organisert gjennom at kommunane sender inn ein søknad til FTU.

Merk at i alle dei tre pilotkommunane var oppstarten av arbeidet forankra i kommunestyre/formannskapet før intensjonsavtalen vart underskrive av ordføraren. Dette er ikkje eit krav, men det er sjølv sagt ønskeleg med ei brei forankring. Vi er også kjend med at fleire kommunar allereie har gjort ei slik forankring gjennom at «trafikksikker kommune» er ei målsetjing i kommunale trafikksikrings-/folkehelseplanar.

Ei av erfaringane frå pilotprosjektet er at god forankring internt i kommunen, både politisk og administrativt, er ein stor styrke for å kunne lukkast. Det er eit føremonn om prosjektleiaren i kommunen er ein del av rådmannen sin leiargruppe. Arbeidet krev ei god styring og oppfølging internt hjå kommunen. Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune vil følgje opp kommunane undervegs. Arbeidet vil ta sikte på at kommunane kan godkjennast innan eit år frå oppstart.

Søknadsfrist for kommunane

Kommunar som ønskjer å delta må sende inn ein enkel søknad med grunngjeving til FTU innan 1. februar 2016. FTU vil handsame søknadane på sitt møte 17. februar 2016. Arbeidet inn mot dei utvalde kommunane vil starte opp så snart vedtak er fatta.

Om kommunen vert vald ut vil ein inngå ein intensjonsavtale, underskrive av kommunen, Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune v/ FTU.

Avhengig av storleiken på kommunen og noverande status på trafikksikringsarbeidet hjå kommunane vil det vere mest sannsynleg verte lagt opp til 3-4 nye kommunar no i fyrste ordinære fase.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.